

Heile øya stod på for The Margarets



Regisseur Hans Petter Moland.



Olav Ståle Johansen med utsikt.

Når The Margarets i helga filma video til sin nye singel «Surf alone» stod heile Giske på hovudet. Over 60 frivillige gjorde det mogleg for det profesjonelle filmteamet til Hans Petter Moland å skyte dei naudsynte sekvensane.

RONNY BRUNVOLL
ronnyb@adsln.no

Heile helga gjekk med til opp-tak av den nye videoen, som har mobiltelefon-etikette som tema. Det vart primært filma på Giske, men også i Ålesund, på Alnes og Valderøya vart det gjort opptak. Stjerneregissør Hans Petter Moland var godt nøgd med resultatet, trass vanskelege værtilhøve. - Vi har hatt kompakt Norges-vær kan ein vel seie. Utfordringa har vore dei korte dagane og det vekslande lyset, sa Moland midt oppe i dei hektiske opptaka. Det er mange år sidan sist han laga musikkvideo. At det vart The Margarets som fekk lokka han til det på ny hadde han ei enkel forklaring på. - Først og fremst fordi det er hyggelege guitar!

At Hans Petter Moland stilte sitt 10-12 mann store filmteam så godt som gratis til disposisjon seier vel det meste om statusen gjengen i The Margarets har.

Knakande kjekke karar

«Surf Alone» er den første singelen fra The Margarets si nye plate. Den er sleppt til radiostasjonane allereie, der mykje spilletid vert avgjerande for populariteten. Når den fire minutt lange videoen er klar vil singelen kanskje også bli å finne i butikkane. I februar kjem så sjølv CD'en på marknaden. Arbeidstittelen til den er «Love will haunt You down», i følge rådgjevar for The Margarets, Arild Traa. Valderøyingen stiller også frivillig opp for kompisane sine, og fortel om ein lang

prosess fram mot video-opptaka denne helga. - Det er inga sjølv-følge at dette skjer her i dag. Det har vore eit langt forarbeid, som har vart sidan sommaren, sa Traa, som sette store proporsjonar på hendinga.

- Dette er historisk fordi det så langt er den klart største video-produksjonen for The Margarets. Men også fordi vi har fått Hans Petter Moland og Philip Øgaard til å lage han, og ikkje minst fordi den verd-skjente Michael Brauer har miksa den komande plata. Sjølv tilskriv eg dette til Giske sin sjarme! The Margarets er jord-nære guitar som er seg sjølv. Det å vere knakande kjekke karar fungerer faktisk like godt i New York som på Giske, smile ein opprømt Traa.

Frivillige avgjerande

At så mange frivillige stilte opp var heilt avgjerande for at film-inga skulle skje på øya. - Eg må rette ein stor takk til alle som har stilt opp. I utgangspunktet var det vanskeleg å få dette til her ute, i staden for i Oslo. Men eg trur dei proffe filmfolka her er overveldta over den velviljen vi er møtt med blant folk, sa ein takksam Ante Giskeødegård i The Margarets. Kollega Rune Berg sa seg glad for at dei får gitt noko tilbake til heimplassen.

- Dette blir god reklame for kommunen! For oss er det naturleg å filme her, sidan mykje av arbeidet med å lage plata også er gjort her ute, sa Berg. Rådgjevar Arild Traa retta også stor takk til velviljen frå kom-munalt hånd, og rosa særskild



HISTORISK: Videoproduksjonen på Giske i helga er klart den største nokon gong for The Margarets. Valderøyingen Arild Traa(t.v.) er rådgjevar for Rune Berg og The Margarets.

ordførar Knut Støbakk og næ-ringsjef Henrik Wang. - Dei har blant anna stilt bil, folk og ut-styr til rådvelde for oss. - Ein stor takk også til Byggmann og Møre Interior, og alle dei fantastiske medhjelparane. Vi hadde aldri i livet greidd oss utan!

- Artig og lærerikt

Blant dei mange frivillige var Vebjørn Giske fra Giske. - Artig, spanande og utfordrande, konkluderte han med, sjølv om det har vore kaldt og mykje venting undervegs. - Men det fekk vi vite på førehand, så det har ikkje vore noko problem. Med på arbeidet var også Per Kristian Giskeødegård, Anders Veddegerde og Emil Bonsaksen.

Travelt opptekne med å klargjere eit badekar for film-inga av ei ny scene, tok dei seg tid til eit biletet og ein kommentar. - I går heldt vi på til langt på natt, med ulike opptak på øyane og i byen. Det er fole artig, men så er det heller ikkje kvar dag ein får bare eit flygel ned i fjøra, flira dei, før klargjeringa av badekaret heldt fram. Opp i det skulle snart ein annan giske-øyning, Olav Ståle Johansen. Som statist vart han festa til filmul-ten for evig og alltid, badande på eit jorde, kun iført ei oransje oljebukse. Når Olav Ståle rullar over TV-skjermene om kort tid, vil det nok vekke mange gode minne for dei som frivillig fraus seg gjennom sist helg.



Per Kristian Giskeødegård, Anders Veddegerde og Emil Bonsaksen jobba frivillig for The Margarets heile helga. Her gjer dei klart badekaret som blir sentralt i ei scene på videoen.



The Margarets kører av garde i veteranbussen frå Rutebilhistorisk Forening, med filmfolka hengande bakpå.



Mediemerkenda var stor rundt videofilminga. Her blir ein badande Olav Ståle Johansen intervjuet av NRK.



Å filme musikkvideo er litt av ei puslespel, og mange er i sving under opptaka.